

NR. 5

SEPTEMBER 1988

21. ÅRG.

## FELLESMØTE I ARNA KYRKJE

4.-11. september



Emanuel Minos



Arne Gundersen og Egil Solheim

Møteaksjonen er eit fellestiltak mellom soknerådet, pinsemenigheten og frie evangeliiske forsamling. Møte kvar kveld kl. 19.30 utanom mandag. Sjå nærmere omtale side 13.

### AV INNHALDET


Kor i kyrkjelydane	s. 3	Søndagsskular i Arna	s. 4
Hjemmenes dåpsring	s. 5	Grunnstein i kyrkjelydshuset	s. 6
Musikkprogram i kyrkjene	s. 8-9	Nytt frå Kyrkjelydane	s. 10
Nye konfirmanter	s. 11	Avgift på gravferder	s. 13
På veg til Afrika	s. 14		

SEND BORNA TIL SØNDAGSSKULEN!

Sjå side 4

## Elska fiendane dykkar

14. s. etter pinse  
Matt. 5. 43-48



«De har hørt det er sagt: Du skal elsko nesten din og hata fienden din. Men eg seier: Elska fiendane dykkar og be for dei som forfylgjer dykk så de kan vera born åt Far dykkar i himmelen. For han let si sol skina over vonde og gode og let det regna over rettferdige og urettferdige».

Vi veit at disiplane etter Jesu død vart forfylgde og måtte lida mykje, ja endå dø for di tru. Jesus hadde lært dei å elsko fiendane sine. Han vart sjølv eit førebilete for dei då han på krossen bad: «Forlat dei for dei veit ikkje kva dei gjer». Det var ein tilgjevande kjærleik fiendane hans vart møtt med.

Har vi nokon som vi kallar fiendar? er det fredeleg og godt mellom oss alltid? Det er nok mykje strid og fiendskap mellom menneska. Jesus seier at vi skal vera heilhjarta og gode slik Far i himmelen er. Vi ber i «Fader vår», ei bøn: «Forlat oss vår skuld som vi og forlet våre skuldmenn». Fyrst må vi sjå at vi sjølv treng tilgjeving, då er det kanskje lettare å tilgjeva vår neste. Vårt forhold til Gud har med korleis vi møter våre medmenneske, v. 45, «Så de kan vera born åt Far dykkar i himmelen».

Kjærleiksvegen viste Jesus oss. Han sa: fylg meg.

1. Kor. 13.5: «Kjærleiken gjer ikkje noko usømeleg, han sokker ikkje sitt eige, han mast ikkje, gøymer ikkje på det vonde». For å gå denne vegen må vi gjera som Jesus seier: Matt. 5.45: «... og be for dei som forfylgjer dykk». Bøna skaper noko godt i oss, difor er den så nødvendig.

Din fiende og du elsker må vil du fred i hjarta få.  
Kristus gav seg sjølv til oss, han måtte tåla hån og kross.  
Kjærleiksvegen vi må finna for himmelrik å vinna.

Sylvi Sæle



### ARNA BARNEKANTORI

Ynskjer nye medlemmar velkommen

Øving: Onsdag kl. 17.00-18.30

Stad: Arna kyrkje

Dirigent: Asbjørn Flåm, organist.

Koret har nokre ledige plassar.

Dei som ynskjer å begynne, må ta kontakt med Arna kyrkjekontor for påmelding.

Adresse: Borgstova

5260 Indre Arna

Tlf. 24 02 15/24 04 00.

### Ytre Arna barne- og ungdomskor

Ynskjer gutter og jenter velkomen til eit nytt korår. Vi er tilsaman ca 30 medlemer fordelt på 3 grupper. Dei som går i 2-4. klasse øver tysdag kl. 15.30-16.30 og dei som går i 5. og 6. klasse øver tysdag kl. 16.30-



Barne- og Ungdomskoret reiser på tur kvar vår, og dette biletet er frå Rikskyrkjesongfesten for barnekor i Molde i 1986, der ca. 1300 born frå heile landet var med.

17.30. Ungdomsgruppa, frå 7. klasse og oppover, øver mandagar kl. 18.30.

Første øvingsdag etter ferien vert mandag 29. og tysdag 30. august.

Kva skal vi gjera: Vi skal syngja av hjartans lyst, og vi skal læra litt om korleis vi skal bruka stemma vår rett slik at folk kan høyrja at vi syng av hjartans lyst. Vidare skal vi syngja på konsertar og gudstenester. Den store oppgåva denne hausten vert å framföra julespelet «Gutten som englene sang om» av Egil Hovland, saman med Arna kyrkjes barnekor i Arna kyrkje søndag 11. desember. Dei eldste i koret, frå 6. klasse og oppover, skal få vera med på seminar om korsong og drama i Biskopshavn kyrkje 28-30. oktober.

### Ytre Arna kyrkjekor

Ynskjer gamle og nye medlemer velkomne til å vera med i eit triveleg og lærerikt miljø. Vi øver tysdagar kl. 19.00 i kyrkja og første øving vert 30. august. Vi skal denne hausten vera med Arna kyrkjekor og framföra «Pilgrimsmesse» av Egil Hovland. Ellers skal vi syngja på gudstenester, konsert på bedehuset og julekonsert. Kyrkjekoret vil og arrangera salmekveld med Eivind Skeie søndag 2. oktober, og Ungdomskonsert med Atle Halstensen og Per Brochmann 25. september. Vi vil gjerne ha med fleire, og ber alle som har lyst å vera med om å gjera alvor av dette og møta fram tysdag 30. august kl. 19.00

# BARNESIDE

## Skulestart – også for søndags- skulen

SØNDAGSSKULEN ER EI:  
enkel kristen samling om søndagen, der  
barn får:

- syngja kristne songar
- læra å be
- høyra enkel undervisning og forkynning  
ut frå Bibelen
- snakka om det dei hører
- Vera i lag med andre i eit kristent miljø.



## SØNDAGSSKULAR I ARNA

Søndagsskulen tek no til att etter ferien.  
I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRE ARNA .....	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND.....	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA .....	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE/Borgstova .....	kl. 11.00
LIATUN.....	Stølv. 98 kl. 9.45 og 10.30
ARNATVEIT .....	Salen kl. 11.30
HAUGE .....	«Betania» Lone kl. 10.45
UNNELAND .....	Bedehuset kl. 11.00
SEIMSMARK .....	Garnes barneskule kl. 11.00
TUNES .....	Bedehuset kl. 11.15
TAKVAM.....	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO .....	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID.....	Bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men einskilde stader er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

### Søndagsskulens dag 25. sept.

Det vert familiegudstenester desse stadene:

Arna kyrkje kl. 11.00: Redaktør Finn Jarle Sæle.

Ytre Arna kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.

Trengereid kl. 11.00: Kateket Erik Rodal og Bård Heradstveit.

Unneland kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø

Ved alle gudstenestene vert det offer til Bergen Søndagsskulekrins.

Me oppmodar alle familiar til å koma til gudsteneste denne dagen og ta borna med  
VEL MØTT!

Ønskjer du hjelp til å  
• aktivisere barnet ditt på ein  
meiningsfylt måte?  
• stimulere barnet til ei all-  
sidig og rik utvikling?  
• hjelpe barnet til å få eit  
tillitsfullt forhold til Gud?  
Da kan du få hjelp gjennom . . .



## eit tilbod som veks med barna

- 3 pakkar i året
- Innhaldet høver til alderen og behovet til barnet
- I kvar pakke: foreldrerettleiing og tre–fire ting til barnet
- Vel mellom nynorsk- og bokmålsutgåve
- Pris pr. år: 360 kr (gjeld tinging og betaling i 1988).

Til

Postboks 173  
1430 ÅS  
Tlf.: (09) 94 37 60

0-6 år

Eg melder eit barn som tripp trapp-medlem:

(Fyll ut med trykte bokstavar)

Barnet heiter: \_\_\_\_\_ etternamn \_\_\_\_\_ evtl. mellomnamn \_\_\_\_\_ aile fornamn \_\_\_\_\_

Fødd den: \_\_\_\_\_ □ gut □ jente

Adresse: \_\_\_\_\_ gate/veg/postboks \_\_\_\_\_ nr. \_\_\_\_\_ postnr. \_\_\_\_\_ poststad \_\_\_\_\_

Barnet bur i \_\_\_\_\_ kyrkjelyd \_\_\_\_\_

Trykt materiell i pakkane skal vere på □ bokmål □ nynorsk

Send betalingskrav til underskrivne:

\_\_\_\_\_ etternamn \_\_\_\_\_ fornamn \_\_\_\_\_


\_\_\_\_\_ gate/veg/postboks \_\_\_\_\_ nr. \_\_\_\_\_ postnr. \_\_\_\_\_ poststad \_\_\_\_\_

stad \_\_\_\_\_ dato \_\_\_\_\_ underskrift \_\_\_\_\_  
(person over 18 år)

- Eg er
- far/mor
  - fadder
  - bestefar/bestemor
  - annan slektning
  - venn av familien
  - kyrkjelyd
  - anna

## 1020 dugnadstimar gjev resultat

# GOD FRAMDRIFT FOR KYRKJELYDSHUSET



Frå nedlegginga av grunnsteinen 17. august.

Sidan gravemaskinane starta 1. juni, har det vorte gjort mykje med Kyrkjelydshuset. Seks veker etter byggjestart kunne forskalinga rivast og grunnmuren stod ferdig. Godt organisert dugnadsarbeid og stor innsats frå deltagarane kunne gje eit så godt resultat. Om ein hadde leigt entreprenør til å ta grunnarbeidet, ville det knapt ha gått fortare.

Alt gjekk over alle forventningar, og det fine veret i denne tida, var nok og ei hjelpe.

Etter stogg i ferietida, står ein no framfor nye utfordringar. Målet er å få tett hus denne hausten, og det reknar byggjekomiteen som høgst realistisk. Dei har med glede merka seg den gode dugnadsinnsatsen, og ikkje minst arbeidsglede og fellesskap som dugnadsarbeidarane har kjent. Både ungdomar og pensionistar har utmerka seg med sin innsats.

Det sosiale samveret med matpausen kl. 19.30 har vorte populært, og arbeidet har vorte organisert slik at alle har noko å gjera.

### Nedlegging av grunnstein

Onsdag 17. august var ca. 80 personar samla ved nedlegginga av grunnstein. Samlinga var ei fin markering av at arbeidet er i gang, og ramma rundt den var i store trekk slik bispmøtet har fastsett at det skal vera når det vert lagt grunnstein i kyrkjebygg. Det var salmesong, skriftlesingar, tale og bøn. Sokneprest Øyvind Øy la ned skrinet som inneholdt mellom anna historisk oversyn over planane for huset, teikningar, dagsaviser, kopi av artiklar om huset, dagens mynt og ein Bibel. Samlinga i kyrkestova etter nedlegginga gav utfyllande orienteringar om det som var gjort og skulle gjerast vidare.

Kyrkjeverge Rasmus Skurtveit kom med helsing og gratulasjon med bygget.

Han hadde merka seg med interesse at det var konfirmantpresten hans, Einar Tesdal, som hadde kome med dei første skriftlege nedteikningane for å reisa eit kyrkjelydshus i 1971.

Han såg og fram til at kyrkjegardsarbeidarane skulle få skikkelege arbeidstilhøve ved dei lokala som kommunen skal leiga i huset.

### Framdrifta vidare.

Ingmar Ljones gav som formann i byggjekomiteen orientering om det. I månadsskiftet august/september vil reisverket koma, og då vil ein gå i gang med det arbeidet. Huset skal byggjast i hovudsak med dugnadsinnsats, og ein skal berre leiga inn fagfolk der det trengst. Det er for å få pengane til å rekka så langt råd er. Økonominemnda har pengar nok til å få reist huset med tett tak. Når det gjeld det vidare arbeidet med innreiing og inventar, vil det gå vidare i takt med dei midlar som kjem inn. Men før byggjestart vart 5 år nemnt som ei tid då alt bør vera ferdig. Men ein vonar å få det til før, om mange er med og gjev si støtte.

### Dugnad for kyrkjelydshus

Det er bruk for dugnadsinnsats til alle slags oppgåver. Dessutan er dugnad med på å gjera folk betre kjent med kvarandre.

Meld frå til Arna kyrkjekontor om du kan tenkja deg å vera med.

Telefon: 24 04 00 eller 24 02 15.

Sei frå om du kan:

- 1) arbeida på dagtid ein eller fleire dagar i veka
- 2) arbeida på kveldstid ein eller fleire dagar i veka
- 3) arbeida på laurdagar

Dei som slik kontaktar kyrkjekontoret, vert kontakta tilbake.

Det er bruk for deg!

### Klypp ut

Sendast: Kyrkjelydshuset, Boks 11, 5260 Indre Arna.

### ØKONOMISK STØTTE TIL ARNA KYRKJELYDSHUS

Kryss Eg vil støtta Kyrkjelydshuset på følgjande måte:

av

- EI DAGLØN kr. 500,- sendast postgiro 3 49 89 95 eller bankgiro 8440.21.04243
- GJEVARTESTENE. I første omgang for eitt år.  
 Kr. 100,-  Kr. 200,-  Kr. 300,-  Kr. ..... pr. månad.
- LÅN Eg ynskjer å ta opp lån i Fokus bank og gje pengane til Kyrkjelydshuset.

Lånesum	10 års avdragstid	5 års avdragstid
<input type="checkbox"/> Kr. 10.000,-	Kr. 190,- pr. mnd.	Kr. 265,- pr. mnd.
<input type="checkbox"/> Kr. 15.000,-	Kr. 275,- pr. mnd.	Kr. 390,- pr. mnd.
<input type="checkbox"/> Kr. 20.000,-	Kr. 350,- pr. mnd.	Kr. 510,- pr. mnd.

Arna .....  
dato .....  
namn .....

adresse .....

ORGANISTEN PRESENTERAR PROGRAM FOR HAUSTEN



## Arna Kyrkje



Eyvind Skeie

### «SALMEKVELD»

Laurdag 1. oktober kl. 18.00

Medv. Eyvind Skeie, Arna kyrkjekor, dir. Asbjørn Flåm m.fl.

Denne kvelden får vi besøk av salmediktaren Eyvind Skeie. Han vil presentere nokre av sine salmar frå den nye salmeboka, og vil også komme inn på andre sider av sitt virke som forfattar.


I den nye salmeboka er Skeie representert med heile 23 salmar, 13 som han har forfatta sjølve og 9 som han har oversatt. Blant alle desse salmane kan nemnast nr. 72 «Bryt ut i sang!» og nr. 128 «Se, vi går opp til Jerusalem» som begge er kjente og kjære salmar for oss.

Av større verk ifrå Skeies hand kan nemnast syngespelet «Visst skal våren komme» og kyrkjemusikalen «Det gode landet».

Eyvind Skeie vil spesielt trekke fram og gjennomgå «Det gode landet», da denne musikalen vil bli framført i slutten av oktober i Arna kyrkje.

Foruten Eyvind Skeie medverkar Arna kyrkjekor under sin dirigent Asbjørn Flåm m.fl.

### Kyrkjemusikalen «DET GODE LANDET»



Gunnstein Draugedalen

Tekst: Eyvind Skeie. Musikk: Sigvald Tveit.

Laurdag 29. oktober kl. 18.00 Arna kyrkje

Søndag 30. oktober kl. 18.00 Årstad kyrkje

Arna barnekantori, Arna Ten-sing, Prosjektkoret.

Solistar: Tove D. Fosseid, sopran, Gunstein Draugedalen, baryton, Pål Bøe, guttesopran.

Samansatt orkester. Dirigent Asbjørn Flåm.

Kyrkjemusikalen «Det gode landet» er ein fortsettjing av syngespelet «Visst skal våren komme» som omhandla det kristne håp.

Når Jesus talar om himmelens rike brukar han ofte bilde av ein fest eller eit bryllaup.

«Det gode landet» er eit musikkspel som prøver å framstille noko av denne festens mange motiv: både den himmelske munterhet og kanskje også vemod.

Musikalen er eit samarbeidsprosjekt mellom Barnekantoriet, Ten-Sing og Prosjektkoret.

Billettar vil bli lagt ut for førehandssalg i byringa av oktober månad.

### JULEKONSERT

Søndag 4. desember kl. 19.00

Den tradisjonelle julekonserten går i år av stabelen 2. søndag i advent. Medverkan-de på denne konserten vert lokale aktørar.

Vi vil komme tilbake med nærmare om-tale av denne konserten i kyrkjelydsbladet ut på hausten.



YTRE ARNA  
KYRKJE

### BARNEKONSERT

Søndag 11. desember kl. 18.00

Tredje søndag i advent introduserer vi en egen julekonsert for børn.

Dette er ein konsert med born som aktørar og barne/voksne/familiar som tilhøyrarar. Blant medverkande kan nemnast Arna bar-nekantori og Ytre Arna barne- og ungdomskor som saman skal framføre bibel-spelet «Gutten som englane sang om» av Egil Hovland.

### «VI SYNG JULA INN»

Søndag 18. desember kl. 19.00

Fjerde søndag i advent samlar vi oss, både barn og voksne, i kyrkja og saman syng julalåt inn.

### VER MED I KOR

Du er velkommen til kora i kyrkjelydane.

Sjå meir om dette på side 3.

Ytre Arna kyrkje  
søndag 25. september kl. 19.00.  
Per Brochmann, fløyter.  
Atle Halstensen synthezeiser og orgel.  
Kombinasjon av orgel og trommemaskin  
og sequenser.  
Kollekt.

### SALMEKVELD

Søndag 2. oktober kl. 19.00.

Eyvind Skeie deltek. Sjå og programmet for Arna kyrkje.

### PILGRIMSMESSE

Laurdag 5. nov. kl. 19.00

Sjå programmet for Arna kyrkje.

### JULEKONSERT

Søndag 18. desember kl. 19.00.

### «PILGRIMSMESSE»

Ytre Arna kyrkje laurdag 5. november kl. 18.00

Arna kyrkje søndag 6. november kl. 19.00

Medv. Arna kyrkjekor, Ytre Arna kyrkjekor, Haus kyrkjekor, Instrumentalistar. «Pilgrimsmessen» er ei gjennomkomponert nattverdgudsteneste for kor, menighet, messing-blåsarar, orgel og liturg.

Messen er komponert av Egil Hovland og var eit bestillingsverk til Rikskyrkjesongfesten i Arendal 1982.

Teksten er av Britt G. Hallqvist og er oversatt til norsk ved Eyvind Skeie.

I denne messen har komponisten henta inspirasjon i frå bedehusets musikktradisjon.

Som sluttningssalme finn vi songen «Å hvor salig å få vandre». Tidlegare stod den i melodiboka, men er no også komen med i den nye salmeboka.

Pilgrimsmessen vil i Arna kyrkje bli framført som ei nattverdgudsteneste.

# NYTT FRÅ Kyrkjelydane



## Døpte

### Arna sokn:

- 22.05: Catrin Langeland, døpt i Ådland kyrkje.
- 29.05: Andreas Lilleskare, Jan Olav Berg, Kristine Erdal Rødland, Anne-Birthe Brattåker, Maria Ystheim
- 31.05: Johanne Sørli Næss, døpt i Evje kyrkje
- 12.06: Kristian Arnesen, Andreas Aarseth, Katrine Bjordal, Heidi Aakre, Christine Haglund
- 26.06: Annelene Torkildsen Larsen, Camilla Vik
- 10.07: Ken Sebastian Skage Vassdal, Kamilla Knapskog, Malin Knutsen Espeland.
- 31.07: Roy Håkon Holmboe Kaurin, døpt i Andenes kirke.
- 07.08: Aleksander Frede Pedersen, Ronny Bruknapp, Robin Gaarder

### Ytre Arna sokn:

- 05.06: Bengt Veseth Rivenes Rene Kleveland, døpt i Søreide kirke
- 19.06: Sandra Ingebrigtsen, døpt i Åsane kirke
- 26.06: Henriette Grøttå Økland, Stine Blindheim
- 03.07: Linn Alfild Nesttun, døpt i Birkeland kirke
- 07.08: Martin Henriksen



## Vigde

### Arna sokn:

- 28.05: Einar Olav Berg og Margrethe Mjelde, Thorleif Enger og Åse Wallem.
- 18.06: Ole Georg Askvik og Solfrid Mørken, Ernst Ove Eide og Lillian Ueland
- 25.06: Steffen Mjelde og Vibeke Halvorsen, Bjarte Fadnes og Benthe Elin

Solberg, Lars Gunnar Taule og Eva Lundgren.

- 02.07: Leif Kurt Hatlem og Elisabeth Thunestveit, Kjell Ove Hatlem og Anne Brit Frøyen, Ove Brunborg og Bjørg Eli Hollund, Frode Hammersland og Tone Dalland.
- 07.09: Espen Erdal og Hilde Merete Løvskar, vigde i Øystese kyrkje.
- 06.08: Olav Langesæter og Berit Rørbacken
- 13.08: Ulf Rasmussen og Janne Gro Nyheim, Johannes Ystheim og Linda Sulebak.

### Ytre Arna sokn:

- 21.05: Stig Lennart Gaupås og Gunn Beate Haukeland, vigde i Arna kyrkje.
- 06.08: Espen André Jensen og Hilde Helland, vigde i Sortland kirke. Henning Kjærland og Eva Beate Kvamsdal, vigde i Strusshamn kirke.

## Døde


### Arna sokn:

- 23.05: Johanna Helene Askeland, f. 1898
- 27.05: Johanna Bjørndal, f. 19.03
- 14.06: Elsa von der Ohe, f. 1911
- 21.06: Aagot Borge, f. 1907
- 28.06: Bertha Andrea Maria Boge, f. 1892
- 02.07: Ingeborg Tunnes, f. 1918
- 14.07: Kari Hope, f. 1895
- 19.07: Sofia Hålland, f. 1908
- 30.06: Sigurd Nesse, f. 1905
- 18.07: Ludvig Hatteberg, f. 1908
- 20.07: Kari Bertina Borge, f. 1901
- 20.07: Olga Eide, f. 1917
- 22.07: Konrad Johan Reknes, f. 1904
- 02.08: Sverre Tunnes, f. 1909

### Ytre Arna sokn:

- 07.06: Peder Presthus, f. 1905
- 22.06: Sofie Iversen, f. 1898
- 25.06: Emma Askeland, f. 1898
- 28.06: Solborg Kvalheim, f. 1931
- 03.07: Torkjell Bolstad, f. 1916

Kateketen  
har  
ordet



Erik Rodal

## Nye konfirmanter

186 konfirmanter har i år meldt seg til konfirmasjonstiden i Arna prestegjeld.

Av disse hører 37 til Ytre Arna menighet og 149 til Indre Arna menighet.

Det betyr at her i Arna er det over 90% av det totale ungdomskull som melder seg på til konfirmasjon. Og det vil i realiteten si at et sted mellom 95% og 100% av de unge som står i Den norske kirke fremdeles velger å melde seg på til konfirmasjon. Konfirmasjonstiden gir oss derfor i virkeligheten en mulighet til å komme nesten all ungdom i menigheten i tale over et tidsrom på ihvertfall 8 måneder.

Og selv om ikke konfirmantere vel føler det slik tror jeg at vi bak alle andre motiver til å bli konfirmanter også kan få regne med Guds kall og ledelse.

Alle våre konfirmanter blir slik et vitnesbyrd om at Gud virker i vår menighet og gir oss muligheter til å komme unge mennesker i tale.

Konfirmasjonens posisjon i vår menighet har vi derfor all grunn til både å takke Gud for og å være takknemlig for.

### Presentasjonsgudstjenester

Ved begynnelsen av hvert konfirmandår blir konfirmantere presentert i kirken. Datoen for de forskjellige presentasjonsgudstjenestene er som følger:

Arna kirke:

- 4. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantere fra Indre Arna og Ådnemarka.
- 11. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantere fra Gernes og Tunnes

- 18. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantere fra Lone, Espeland og Haukeland.
- Ytre Arna kirke:

- 4. sept. kl. 11.00:

Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantere fra Ytre Arna.

Trengereid kapell:

25. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantere fra Trengereid.

## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-ne desse søndagane:

Arna: 11.9, 25.9, 2.10, 23.10.

Ytre Arna: 25.9, 2.10, 23.10. (I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd: 11.9 og 9.10.)

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 29.05: Santalmisjonen ..... kr. 4.563.-
- 05.06: Kyrkjelydshuset ..... kr. 2.022.-
- 12.06: Arna kyrkjelyds arbeid ...kr. 1.826.-
- 19.06: Norges Kirke-sanger forbund ..... kr. 1.044.-
- 26.06: Den norske Tibetmisjon..kr. 2.330.-
- 03.07: Internasjonalt Massemedia institutt.....kr. 1.200.-
- 10.07: Samemisjonen .....kr. 1.918.-
- 17.07: Kyrkjelydshuset .....kr. 5.596.-
- 24.07: Kyrkjelydsarbeidet .....kr. 582.-
- 31.07: Blå Kors.....kr. 1.379.-
- 07.08: Den indre Sjømannsmisjon.....kr. 1.586.-
- 14.08: Kyrkjelydshuset.....kr. 2.111.-

### Ytre Arna sokn:

- 29.05: Kristenrussen i Bergen....kr. 536.-
- 05.06: Den norske misjons-allianse .....kr. 1.985.-
- 12.06: Kristent innvandrer-arbeid.....kr. 765.-
- 26.06: Kristent arbeid bl. blinde.....kr. 770.-
- 03.07: Kirkens idrettskontakt....kr. 470.-
- 10.07: Kirkens sosialteneste.....kr. 531.-
- 24.07: Kyrkjelydsarbeidet .....kr. 607.-
- 31.07: Amnesty International ...kr. 425.-
- 07.08: Kristelig kringkastingslag.....kr. 852.-

### Trengereid:

- 24.04: Kyrkjelydsarbeidet .....kr. 1.285.-
- 17.05: Arna Søndagskulelag ....kr. 823.-
- 27.05: Menighetsfakultetet.....kr. 570.-
- 19.06: Santalmisjonen .....kr. 556.-
- 14.08: Dronning Mauds Minne ..kr. 422.-

# MØTE

## ARNA BEDEHUS:

- 01.09: Torsdagsmøte kl. 19.30
- 15.09: Eldretreff kl. 17.00
- 16.09: Fredagssamling
- 18.09: Samlingsfest kl. 18.00.  
Tale av disp. Gottfred Eriksen, sang av Musikklaget.
- 22.09: Torsdagsmøte kl. 19.30
- 23.09: Basar for N.L.M.
- 25.09: Møte for N.L.A. kl. 19.00.
- 29.09: Medlemsmøte
- 01.10: Ungdomskveld
- 02.10: Misjonsfest
- 04.-
- 09.10: Møteveke v/N.L.M.
- 13.10: Eldretreff kl. 17.00  
18.-
- 23.10: Møteveke, tale v/Audun Hjellvik

## YTRE ARNA BEDEHUS:

- 04.09: Samlingsfest og innvielse av nybygget.  
Tale av Kåre Hellem
- 13,14,15  
og
- 18.09: Møter v/Santalmisjonen.

- 23.09: Høsttakkefest
- 09.10: Stor sang- og musikk-kveld kl. 18.00.
- 11.-
- 16.10: Møteveke v/Indremisjonen. Tale av Hellem og Nørstrud.

## BETANIA, LONE:

- 03.09: Samlingsfest kl. 19.30. Tale v/Kåre Eikrem.
- 04.09: Møte v/Indremisjonen
- 08.09: Møte v/NLM
- 11.09: Møte v/NLM
- 15.09: Nattverdmøte
- 16.-
- 18.09: Santalmisionshelg
- 17.09: Laurdagssamling kl. 16.00
- 24.09: Ungdomskveld kl. 19.30
- 25.09: Møte v/NLA
- 29.09: Møte v/BUF
- 02.10: Møte v/BUF
- 04.-
- 09.10: Bibelveke v/Mikal Landro
- 13.10: Nattverdmøte
- 16.10: Møte v/NLM

## Vellukka innvandrarkveld

Ytre Arna sokneråd gjorde i vår vedtak om å ta eit initiativ for at innvandrarane i Ytre Arna kunne få litt kontakt med dei som bur der. Resultatet til no var ei innbyding til «Social evening» i Kyrkjelydhuset 14. juni. Der var dei vel 40 innvandrarane innbedne, og samlinga var og kunngjort som open for alle.

Res.kap. Sundsbø var leiar, og tolkete-nesta i Bergen kommune stilte med spansktalande tolk. Men både engelsk og fransk vart og nytta for at alle kunne fylgja med.

Og innvandrarane kom! Mest 100% oppslutnad av store og små. Godt frammøte var det og av andre.

I programmet vart det lagt vekt på at ein skulle vera kjende med kvarandre. Både Per spelemann og chilenske folkedansar vart framførde og store skåler med vaffelrøre vart steikt i løpet av kvelden.

Ein fin kveld var det, og tanken om fleire slike samlingar kom fram og vil nok vera arbeidd med vidare. Denne gongen var det innvandrarar som fekk smaka lefser og steika vaflar. Ein annan gong vil kanskje dei gje oss del i litt av sine tradisjonar.

Det er no mellom 40 og 50 asylsøkjarar som bur i Ytre Arna. Dei fleste kjem frå Chile, og er no busett i «Arna Apartement» (tidlegar «Ungkaren»).

## Harald Ulveseter pensjonist

Monrad Ulveseter sluttar 30. oktober som kyrkjetenar i Arna kyrkje. Stillinga vert lyst ut med det første. Han har vore kyrkjetenar her sidan 1971 og har før det mellom anna vore misjonær i Himalaya (India) og landssekretær i Den Norske Tibet-misjon.

## Song- og musikk-treff for eldre

Organist Rolf Aardal i Laksevåg innbyr eldre til song- og musikk treff i Laksevåg kyrkje søndag den 11. september kl. 15.30. Aardal har tidlegare vore to gonger i Arna på eldretreff i samband med Kyrkjelydsveka, og no ynskjer han eldre i Arna velkomme til å vera saman med dei i Laksevåg kyrkje.

## Avgift for gravferder i Bergen

Bergen bystyre gjorde i desember 1987 vedtak om å innføra nye avgifter i samband med gravferder. Dette vedtaket er no godkjent og sett i verk frå 1. august 1988. For dei som ved dødsfallet er busett i Bergen kommune, vert avgiftene slik:

Betaling for urne .....	60,-
Leige av kapell/kyrkje .....	250,-
Graving av kistegrav.....	800,-
Graving av urnegrav.....	230,-
Kremasjonsavgift .....	550,-

Kommunen har tidlegare ikkje teke betaling for dette. Det kjem som eit tillegg til kostnadene som har vore før, og vert på vel 1000 kr. ved kvart dødsfall. Til vanleg vil dette verda betalt gjennom gravferdsbyråa til kirkeavdelingen i kommunen.

## Vigsle av tilbygg ved Ytre Arna bedehus

I samband med samlingsfesten 4. september vert det vigsling av nytt tilbygg ved Ytre Arna bedehus. Tilbygget vert småsal og ungdomslokale i tilknytning til møtesalen, og kan slåast saman med denne når det trengst. Alt arbeidet har vore gjort på dugnad, og det har vore svært god innsats av dugnadsgjengen. Sekretær Kåre Hellem blir med på festen og skal vigsla tilbygget.

## Stor sang- og musikk-kveld i Ytre Arna bedehus

Søndag 9. oktober kl. 18.00 vert det stor sang- og musikk-kveld i Ytre Arna bedehus. Det vert variert program med delta-king av Ytre Arna kyrkjekor, Rossland musikklag og Ytre Arna musikklag. An-dakt av bibelskulelærar Odd Bjarne Skogestad.

## FELLESMØTE I ARNA KYRKJE

Søndag den 4. september startar fellesmøta i Arna kyrkje. Talarar og songarar vert forkynnaren Emanuel Minos frå pinsemenigheten Filadelfia i Oslo og Arne Gundersen og Egil Solheim frå Den frie evangeliske forsamling.

Så langt vi veit er det første gongen det vert arrangert ein så omfattande fellesmøteserie i Arna, og vi ser med forventning fram til desse møta. Tidlegare har vi hatt fellesmøte på Bibeldagen, og det har vore fine og inspirerande samlingar.

Vi reknar med at det vert trangt om plassen i kyrkja dei dagane aksjonen varer. Mange kjenner desse forkynnarenane frå møte andre stader, og for ei tid sidan var det og eit program med dei i fjernsynet. Det er difor mange som ser fram til å møta dei i Arna.

Møta vert førebudde av ein komite som er ansvarlege for opplegget, men vi er avhengige av støtte og forbøn, og vi oppmodar difor alle om å vere med å førebu aksjonen i bøn.

Vi har fått brei støtte for denne aksjonen i kyrkjelyden, og vi vonar den vil gje positivt resultat for arbeidet i Guds rike i Arna. Fellesmøta varer frå 4.-11. september.

Møte kvar kveld kl. 19.30 unntake måndag 5.9. Bønemøte i Kyrkjestova kl. 19.00.

## 50-års konfirmantar

Også dette året innbyr sokneråda til samling for dei som vart konfirmerte for 50 år sidan. Datoen for dette er 5. oktober. Dei møtest til gudsteneste kl. 11.00 og har god tid til å vera saman etterpå. Det har vorte populære samlingar som deltakarane har sett stor pris på.

## Eldretreff på Flatane

Eldretreffa i Trygdebustaden på Flatane tek til att fredag 9. september kl. 17.00. Alle eldre er velkomne.

# PÅ VEG TIL AFRIKA



Målfrid  
Sandvik

I desse dagar set Målfrid Sandvik seg på flyet til Afrika.

Første tida skal ho vera i Ngaundere i Kamerun. Etter eit års språkstudium i Frankrike for å læra fransk og lingvistikk-kurs denne sommaren, tek ho no fatt på å læra fulani, som ho og skal nyitta i arbeidet sitt. Denne hausten går med til dette. Først 2 månaders kurs i Ngaundere og seinare utplassering mellom dei som snakkar dette språket.

- Kor lenge skal du no studera språk?  
- Denne gongen vert det 6 månader. Deret-

ter vert eg plassert som skulemisjonær i Mbe. Der er tilhøva noko meir enkle enn i Ngaundere og vi får t.d. berre elektrisk straum frå eit aggregat 2 timer kvar dag.  
- Kva vil arbeidet ditt då vera?

- Som skulemisjonær skal eg ha kontakt med kristendomslærarar i kyrkjå sine skular. To distrikta skal vera mitt arbeidsområde, og difor vert det noko reising. Korleis vegane er, veit eg ikkje så mykje om enno. Ellers kjem eg nok til å ha noko undervisning sjølv. Det kan verda dåpsklassar, konfirmantklassar, kvinneklassar og kanskje og kristendomsundervisning for dei som går på staten sine skular og ynskjer det i tillegg.

- Og no har du pakka og er klar til å reisa?  
- Ja, det meste er sendt avgarde. I Ytre Arna fekk eg tak i 6 tonn som eg har pakka fulle og sendt med båt. 2. september reiser eg med fly frå Flesland via Paris og til Afrika.

Og vi ynskjer henne god tur. Og Kyrkjelydsbladet vil og fylgja henne vidare med rapportar og glimt frå arbeidet i tenesta innan Det Norske Misjonsselskap der. Og ho synest og det vil vera hyggeleg å få brev frå Arna. Adressa er:

Målfrid Sandvik,  
B.P. 6  
Ngaundere  
Cameroun.

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.  
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.  
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomsterlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossqt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## Kranser Bårebuketter Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.  
Transport med egen bil.  
Annonser, sanger, sløyfer.  
Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for  
Bil – Båt og  
varetransport



## ARNATEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnateit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# *Velkommen til kyrkje*

**Sept. 04.: 15. s. etter pinse.** Salme 103, 1-6

**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy og kateket Rodal. KONFIRMANTPRESENTASJON. Søndagsskole. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Sept. 11.: 16. s. etter pinse.** Luk. 10. 38-42

**Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. KONFIRMANTPRESENTASJON: Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskole.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Hvite Bånd.

**Sept. 18: 17. s. etter pinse.** Luk. 7. 11-17

**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen. Søndagsskole.

**Arna kl. 19.00.** Sokneprest Øy og kateket Hugsvær. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

**Sept. 25.: 18. s. etter pinse** Luk. 13. 10-17.

**Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Redaktør Finn Jarle Sæle. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskulekrins.

**Ytre Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen Søndagsskulekrins.

**Trengereid kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE: Kateket Rodal og Bård Heradstveit. Takkoffer til Bergen Søndagsskulekrins.

**Unneland kl. 16.30.** Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskulekrins.

**Ytre Arna kl. 19.00.** Konsert.

**Okt. 02.: 19. s. etter pinse.** Mark 10. 17-27.

**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. 50-års konfirmantane innbedne. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. 50-års konfirmantane innbedne. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Ytre Arna kyrkjekor.

**Ytre Arna kl. 19.00.** Salmekveld. Eyvind Skeie.

**Okt. 09.: 20. s. etter pinse.** Joh. 9. 1-7 + 35b-38.

**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Gudsteneste for eldre. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærerakademi.

**Okt. 16.: 21. s. etter pinse.** Mark. 10. 13-16.

**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærerakademi.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde.

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøv.

**Bladpengar:** kr. 30,- adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.